

## **Forvaltningsrevisjon fråfall vidaregåande opplæring – status handlingsplan per 04.11.2020**

Fylkesrådmannen viser til vedtak i fylkestinget 11.12.18 i sak om forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring:

«Kontrollutvalet registrerer at kompleksiteten i denne revisjonsrapporten er betydeleg. Innhenting av informasjon har vore krevjande. Rapporten synleggjer også nyansar og kompleksitet som ligg innebygd i tilrådingane. På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring ber fylkestinget fylkesrådmannen:

1. Sikrar at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.
2. Sikrar at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.
3. Gjer systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak.
4. Sikrar at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.
5. Vurderer å legge ytterlegare til rette for erfarringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.
6. Analyserer årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.
7. Arbeider for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebodrifter som er medlem av opplæringskontor.
8. Vurderer tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit læringsforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.
9. Sikrar at OT, og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt
10. å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.19 som viser kva tiltak som skal setjast i verk og kven som vil ha ansvar for iverksetjinga
11. Alle tiltak som vert sett i verk for førebyggje og redusere fråfall bør evaluerast»

Kontrollutvalet handsama sak om handlingsplanen frå fylkesrådmannen i møte 01.04.19 og fatta følgjande vedtak:

- Kontrollutvalet har merka seg at det er sett i gang ei rekke positive forbetningsprosessar for å bidra til å redusere fråfall i vidaregåande opplæring.
- Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form at skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019
- Tilbakemelding bør også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet på dette området som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 02.09.19:

1. Kontrollutvalet har merka seg at det kan det tyde på at ein er kome langt i gjennomføring av forbetningsprosessane etter denne forvaltningsrevisjonen, for å bidra til å redusere fråfall i vidaregåande opplæring, men at det framleis står noko arbeid igjen.
2. Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2019. Det vert presisert at tilbakemeldinga også må innehalde tidspunkt for når tiltaka er sett i verk/vil verta sett i verk.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 25.11.19:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med

forbetringspunktet etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.

2. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å koma med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringspunktet etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring er ivaretakne i den nye fylkeskommunen. Dette gjeld i første rekke for punkta 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 11.05.20:

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6, 7, 8 og 9 i handlingsplanen etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, innan 04.11.2020.

## **STATUSRAPPORT PER 04.11.20 - HANDLINGPLAN FOR OPPFØLGING AV VEDTAK I KONTROLLUTVALET 11.05.20**

*Status per 04.11.2020 er markert med raudt.*

- 1. Sikrar at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.**

Tiltak og status	Ansvarleg
<p><b>Tiltak:</b> Gå i dialog med Utdanningsdirektoratet om kategoriar knytt til registrering av fråfall.</p> <p><b>Tiltaket vart lukka 12.08.19</b> Fylkesrådmannen har undersøkt saka. Det er ikkje Utdanningsdirektoratet som har utarbeidd kategoriane, men Vigo. Utdanningsdirektoratet brukar ikkje sluttkategoriene, men ser berre på sluttkode S – uavhengig av sjølvsluttårsaka. Utdanningsdirektoratet har godkjent registreringshandboka, men har vald å ikkje nytte dei. Dei siste åra har ein fjerna ein del sluttkategoriene som til dømes «sosiale årsaker». Det er etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje grunnlag for å følgje opp dette tiltaket vidare og tilrår at det vert lukka. Det er viktigare å styrke innsatsen for å kvalitetssikre avslutningsprosedyrane på skulene for å sikre at skulane har gode rutinar for å rapportere sluttårsak så korrekt som mogleg.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
<p><b>Tiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Gjennomgå mal for avklaringssamtalar og oppfølging av rutinar knytt til gjennomføring avklaringssamtalar</li><li>• Samarbeid med omboda om utarbeiding av skjema og rutinar kring avklaringssamtalar med mål om å avdekke om sider ved skolemiljøet er mogleg årsak til at elevar sluttar</li></ul> <p><b>Tiltaket vart lukka 01.11.19</b> Avklaringsskjema er revidert. Revisjonen vart gjort etter innspel frå OT- rådgjevarane, 5 rådgivarar frå skulane, Rådgjevar Forum, ved Siren Samdal, og Elev – og lærlingombodet. Det er blant anna satt av plass i skjemaet både til extenskodar for sluttorsak og til elevane si grunngjeving for at dei sluttar. Skjemaet er også digitalisert. Rutinar for innkalling, gjennomføring og etterarbeid for Avklaringssamtala er endra og forbetra. Det er gjort etter systematisk arbeide og intern analyse av dette arbeidet hausten 2018.</p> <p>Målet med endringane har vore; å få til gode overgangar mellom skulane og Oppfølgingstenesta, hindre at elevar som sluttar ikkje får tilbod om Oppfølgingstenesta, men og for å få meir kunnskap om kva som gjer at elevane vel og slutte på skulen. Endringane og resultata av det systematiske arbeide er drøfta i Ressursteam og presentert på Ressurteamsamlingane. Rutinar er sendt til skulane og lagt på OT/PPT si heimeside.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

OT har frå hausten 2019 valt å ha ein OT – rådgjevar som er skuleansvarleg. Det vil sei at det er den same OT – rådgjevaren som er deltek på Ressursteam, som stillar på alle avklaringssamtalane. OT – skuleansvarleg kan og arbeide fråfalls førebyggande saman med skulen. Tilbakemeldingar frå rektorane er at dei er svært nøgde med denne ordninga. Utfordringa med denne løysinga er at elevar som sluttar kan måtte forhalde seg til 2 OT – rådgjevarar, men me har utarbeidd gode rutinar for at denne overgangen skal vere god for elevane.

**2. Sikrar at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.**

Tiltak og status	Ansvarleg
<p><b>Tiltak:</b> På skulenivå: Gjennom den årlege tilstandsrapporten frå skulane</p> <p><b>Tiltaket vart lukka 01.11.19</b> Mal for skulen sin tilstandsrapport blir årleg revidert og inneholdt for 2018/19:            – statistikk om m.a. fråfall, fråfallsårsaker og gjennomføring            – resultat frå elevundersøkinga            – skulen si eiga vurdering av resultat og prioriterte utviklingstiltak            – evaluering av skulen sine prioriterte utviklingstiltak            Meir om innhald i tilstandsrapporten - sjå tillegg 2a i «Tilleggsinformasjon til handlingsplanen».</p> <p>I HFK si «Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring» blei det frå skuleåret 2017/18 og 2018/19 laga separate rapportar som viser skulevise resultat på sentrale indikatorar, samt kort informasjon om skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
<p><b>Tiltak:</b> På skuleeigarnivå:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Rettleie skulane og støtte dei i arbeidet med å analysere data.</li> <li>2. Utvikle og utarbeide betre samla oversikter gjennom kvantitative data og kvalitative vurderingar frå skulane</li> </ol> <p><b>Tiltaket var lukka 01.11.19</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennom kvalitetsoppfølging av skulane (verksemdbasert vurdering) er drøfting av statistikk, årsakssamanhangar og tiltak kring m.a. fullføring, fråvær og fråværsårsaker ein del av innhaldet. Sjå tillegg 2b og 2c i «Tilleggsinformasjon til handlingsplanen» for program og rapportmal til skulebesøk. Skulebidragsindikatorar har vore diskutert på nokre skulebesøk. Det blir m.a. vurdert om skulen sine utviklingstiltak samsvarar med skulen sine resultat og utfordringar.</li> <li>• Skulebidragsindikatorane – samla for HFK og skulevise resultat vil vere ein del av HFK si Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring 2018/19. I tillegg vil ein halde fram med eigne sider for den enkelte skule som nemnt tidlegare i dokumentet.</li> </ul>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
<p><b>Tiltak:</b> Sikre at slike analyser vert tema i dei årlege skulebesøka</p> <p><b>Tiltaket var lukka 01.11.19</b> Viser til kommentarar og tilvisingar overfor.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

### 3. Gjere systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak

Tiltak og status	Ansvarleg
<p><b>Tiltak:</b> Det er behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget på dette feltet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• På kort sikt vil fylkesdirektør opplæring vurdere korleis ein kan styrke analysearbeidet gjennom allereie tilgjengelege data i arbeid med kvalitetsmeldinga 2019.</li> <li>• På lengre sikt må kunnskapsgrunnlaget og kvalitetssystem utviklast i nye Vestland fylkeskommune.</li> </ul> <p><b>Tiltaket vert lukka 04.11.20</b></p> <p>VLFK har laga eit system som inneber å vere «tett på» lærling og lærebedrift/opplæringskontor. Her inngår det også å ha tilgjengelege data som gir kunnskap om statistikk, årsaker og prosessar kring heving av lærekontraktar. Avdeling for opplæring og kompetanse følgjer opp dette gjennom kvalitetsdialogen med opplæringskontora. Gjennom rettleiingstenestene blir det også arbeidd førebyggande med å hindre hevingar av lærekontraktar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Kvalitetsdialog mellom fylkeskommunen og opplæringskontor/enkeltståande lærebedrifter:</i> I VLFK er det etablert nye rutinar og innhald for kvalitetsdialog mellom fylkeskommunen og opplæringskontor/ enkeltståande lærebedrifter. På side 17-18 «Tilleggsinformasjon punkt 3», finn ein agenda for dialogmøte mellom fylkesdirektøren og opplæringskontor/enkeltståande lærebedrifter. Det er eit stort tal opplæringskontor/enkeltståande lærebedrifter i VLFK og det er igangsett eit systematisk kvalitetsarbeid retta mot opplæringskontora/lærebedriftene. Dei første kvalitetsdialogane blei gjennomført digitalt våren 2020 grunna koronasituasjonen, men målet er at dialogmøta på sikt skal gjennomførast fysisk.</li> <li>• <i>Rettleiingstenester i VLFK:</i> I overgang til Vestland fylkeskommune blei det oppretta seks rettleiingstenester (RLT) fordelt på ulike geografiske områder i fylket. Eit viktig mål var å kome «tettare på» skular, lærebedrifter, elevar og lærlingar. RLT skal m.a. besøke og følgje opp lærlingar, vere tett på når det oppstår vanskar i læretilhøve og har difor god kunnskap om årsaker og prosessar rundt heving av lærekontraktar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rettleiingstenesta er ei ny og brukarnær teneste innanfor vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.</li> <li>- Tenesta som skal gi ungdom og vaksne tilgang til aktuelle fagtenester i sine læringsmiljø.</li> <li>- Tenesta omfattar pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), oppfølgingstenesta (OT), oppfølging av lærlingar og lærebedrifter og rettleiing i vidaregåande opplæring for vaksne.</li> <li>- Rettleiingstenesta skal samarbeide med skular, arbeidsliv, offentlege instansar, opplæringskontor og lærebedrifter.</li> </ul> </li> <li>• <i>Avklaringssamtale:</i> Dersom det er fare for heving av lærekontrakt for lærlingar/lærekandidatar eller dersom det er sikkert at lærlingen/lærekandidaten skal slutte, skal det gjennomførast ein avklaringssamtale der ungdommen deltek saman med føresette (under 18 år), rådgjevar frå RLT, fagansvarleg frå bedrift/opplæringskontor og medlemsbedrift. Målet med møtet er <ul style="list-style-type: none"> <li>- å førebygge avbrot av lærekontrakt.</li> <li>- å skape ein positiv relasjon mellom lærling/lærekandidat og OT.</li> <li>- å skape ein konstruktiv arena der lærlingen/lærekandidaten kan få møte og legge fram sine opplevingar og erfaringar.</li> <li>- å sette lys på kva alternativ som finst for lærlingen/lærekandidaten.</li> <li>- å sikre at lærlingen/lærekandidaten vert godt informert om kva konsekvensar avbrot i opplæringa kan få i høve rettar.</li> <li>- å få ei skriftleggjering av det som kjem fram på møtet og planen vidare for ungdommen.</li> </ul> </li> </ul>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

- Ved hjelp av programmet Clickview kan ein m.a. hente ut oversikt over kva lærlingar som har heva lærekontraktar. Ved hjelp av statistikkprogrammet Hjernen&Hjertet kan statistikk over sluttarar på gruppenivå (t.d. per lærefag) hentast ut.
- **Opplæring av instruktørar og faglege leiarar i lærebedrifter:**  
Det er utarbeida obligatoriske kurs for instruktørar og faglege leiarar, med første kursstart i oktober 2020 og med kurshaldarar frå rettleiingstenester og seksjon for kvalitet i opplæringa. Fagleg leiar har m.a. ansvar for lærlingen /lærekandidaten sin framdrift, progresjon og kvalitet i opplæringa, medan instruktøren er den som gir lærlingen/lærekandidaten opplæring. I kurset blir det m.a. sett lys på viktigheita av å vere «tett på» lærlingen/ lærekandidaten, samt det å bli kjend med rettleiingstenesta som eit viktig støtteapparat.  
Rettleiingstenesta skal kontaktast dersom det er fare for oppheving av lærekontraktar. Tema for kurset er
  - 1) Rammer og regelverk
  - 2) Lærlingen/lærekandidaten
  - 3) Rettleiingstenesta/OT/PPT
  - 4) Bedrift, fagleg leiar / instruktør
  - 5) Fag- / sveineprøve og kompetanseprøve

Status per 24.04.20:

Kvalitetssystem for Vestland fylkeskommune er under utarbeiding i 2020. Her inngår m.a. utvikling av kvalitetsdialog mellom fylkeskommunen og opplæringskontor/enkeltståande bedrifter.

Rettleiingstenestene arbeider tett på lærlingar og lærebedrifter og vil opparbeide seg eit godt kunnskapsgrunnlag om årsak til heving av lærekontraktar.

Status per 01.11.19:

- I prosjektet Auka gjennomføring og fleire ut i lære har ein utvikla ein struktur for å sjå det 4-årige løpet som ein heilskap. I prosjektet har ein med godt resultat prøvd ut verktøy som formidlingsplan og lærepassrekneskap, der skulen tar eit ansvar for at elevane skal kome seg vidare i lære. Desse erfaringane kan ein ta med vidare inn i arbeidet i Vestland.
- Formidlingsplanar som vert implementert i skulen sitt ordinære årshjul viser arbeidet skulen gjer med formidling til lærepass og inngår i prosjektskulane sitt årshjul for 18/19. Formidlingsplanen systematiserer arbeidet med elevane i grupper og arbeidet rundt individet.
- Prosjektet erfarer og evalueringsrapporten viser at formidlingsplanen må implementerast i skulen sitt årshjul for at han skal ha nytteverdi. Skulen må eige oppgåvane som skal gjerast for at eleven skal kome seg vidare i lære.
- Det er utvikla ein lærepassrekneskap (LPR) for å kunne følgje eleven på vegen til lærepass. Målet med LPR er tidleg identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) med mål om lærepass etter Vg2.

Hausten 2019 har fylkesdirektør opplæring særleg vurdert korleis erfaringane frå prosjektet skal takast inn i ordinær skuledrift. Det er soleis utarbeidd felles retningslinjer i Hordaland med mål om å styrke kvalitet og systematikk kring skulane sin oppfølging av elevar i yrkesfag og formidling til lære.

Fylkesrådmannen vil også peike på at det gjennom etablering av rettleiingstenester frå 01.01.20 er forventa at lærlingane skal sikrast ein tettare og meir samordna oppfølging i samarbeid med bedrifter og opplæringskontor.

#### 4. Sikrar at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.

Tiltak og status	Ansvarleg
<b>Tiltak:</b> Systematisk etterspørje intern evaluering av utviklingstiltak mot fråfall i skulane si årlege tilstandsvurdering og tilstandsrapport og i skulebesøka gjennom verksemdbasert system for skulevurdering.	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

<p><b>Tiltaket vart lukka 01.11.19</b> Viser til kommentarar og tilvisingar i punkt 2.</p> <p><b>Tiltak:</b> Styrke og oppmuntre til samarbeid med UH-sektoren når det gjeld utvikling og evaluering av utviklingstiltak. I 2019 vil ein prioritere å sikre at alle skular får ta del i deling av kunnskap og erfaringar frå det nasjonale forskingsprosjektet Complete.</p> <p><b>Tiltaket vart lukka 01.11.19</b> Presentasjon av delrapport 2 på regionvise møte med ressursteam i september. Det har vore utarbeidd delrapportar gjennom heile prosjektperioden som har vore presentert og drøfta på fylkeskommunalt nivå gjennom prosjektrådsmøte med dei fire fylka som har delteke i utprøvinga. Sluttrapport for prosjektet skal etter planen leverast i første kvartal 2020.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
---	--

## 5. Vurderer å legge ytterlegare til rette for erfarringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.

Tiltak og status	Ansvarleg
<p><b>Tiltak:</b> Fylkesdirektør opplæring skal arrangere ein stor delingskonferanse i etterkant av forskingsprosjektet Complete hausten 2019</p> <p><b>Tiltaket vart lukka 01.11.19</b> Som vist til i statusrapport 12.08 gjekk ein hausten 2019 bort frå tanken om ein stor delingskonferanse, og det vart i staden invitert til regionvise samlingar for ressursteama ved dei vidaregåande skulane. I desse teama sit både rektor, mellomleiarar, rådgjevarar, helseøster og representant frå OT/PPT. Sjølv om ikkje alle hadde høve til å møte, var dei fleste skulane representert med om lag 3 personar frå kvar skule. Samlingane vart gjennomført i veke 38.</p> <p>Prosjekt med utprøving av nærværsteam er avslutta. OT har førebels gitt tilbod til tre skular om å arbeide vidare etter nærværsteamsmodellen når det gjeld rutinar, systemarbeid og tverrfagleg samarbeid. Det er eit ønskje at dette arbeidet skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget når ein skal vidareutvikle elevenesta ved skulane i Vestland. Det er ein styrke at utprøvinga med nærværsteam har vore gjennomført både i Sogn og Fjordane og Hordaland og at ein har samarbeidd på tvers av fylka i gjennomføring av prosjektet.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
<p><b>Tiltak:</b> Regionale leiarsamlingar; Sikre at det årleg vert sett av tid i februar/mars til gjennomgang og drøfting av skule- og fylkesvise analysar av fråfallsdata og erfaringar med ulike tiltak.</p> <p><b>Tiltaket vert lukka 04.11.20</b> Dei regionale leiarsamlingane og dei områdevise rektormøta har endra form frå HFK til VLK. Statistikk for m.a. gjennomføring og overgangar er eit kunnskapsgrunnlag som vil ligge til grunn og drøftast i lys av fylkesdirektøren sitt mål- og strategiarbeid. Alle dei vidaregåande skulane i VLK har frå skuleåret 2020/2021 fått tilgang til fylkeskommunal og skulevis statistikk gjennom statistikkportalen Hjernen&amp;Hjertet. Dette gir ei større moglegheit for alle dei vidaregåande skulane i fylket til å følgje tett på utviklinga for eigen skule samanlikna med fylkesvise resultat gjennom heile året.</p> <p>Mål og strategiar skal politisk handsamast i desember 2020 og skal danne grunnlaget for dei skulevise utviklingsområda. I samband med dette arbeidet er det lagt opp til temadagar for utval for opplæring og kompetanse (styringsgruppa for mål og strategiarbeidet). Mål- og strategiar skal ligge til grunn for kvalitetsarbeidet både på fylkesnivå og skulenivå. Her inngår tre utviklingsområde som skulane og skuleeigar skal jobbe mot for å nå ei heilskapleg opplæring med høg kvalitet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læring, meistring og gjennomføring</li> </ul>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

- Trivsel, psykososial helse og inkluderande fellesskap
- Lærelyst og motivasjon

Hovudutvalet for opplæring og kompetanse legg opp til å gjennomføre utvalsmøta ved ulike vidaregående skular i fylket. Eit døme på agenda for skulen sin presentasjon under besøket er:

1. Innleiing ver områdeleiar
  - Skulen i regionen/området/bydelen/lokalsamfunnet – samarbeid med andre skular og samarbeid mellom skule og samfunnet rundt
  - Om skulen og skulen sitt særpreg
2. Skulen møter hovudutval for opplæring og kompetanse
  - Utviklingsplan og særskilte satsingar v/rektor
  - Møte/dialog med leiing, tillitsvalde og elevråd
    - a) Utviklingsplanen
    - b) Gjennomføring
    - c) Saker som elevrådet arbeider med
    - d) Trivsel – elevundersøkinga – ungdata – skulehelsetenesta og andre elevretta tiltak
    - e) Meistring i skulekvarldagen – fråvær – inkludering

Mål og strategiane skal danne grunnlaget for dei skulevise utviklingsområda og statistikk er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget i dette arbeidet. Noko som det også blir sett lys på ved skuleleiarsamlingar. I fylkesdirektøren sitt arbeidet med profesjonsutvikling inngår mellom anna deling av kunnskap og erfaringar mellom skulane når det gjeld elevane si læring og gjennomføring.  
Rektorsamlingar/leiarsamlingar er ein viktig arena i dette arbeidet. Den enkelte skule sitt arbeid med mot fråfall er også viktig tema gjennom fylkesdirektøren sin kvalitetsdialog med skulane.

Status per 24.04.20:

I Vestland fylkeskommune er det under etablering årshjul for faste møtearenaer for rektorar/leiargrupper og oppfølging av arbeidet med mål og strategi og her inngår tiltaksområder for å oppnå ei heilskapleg opplæring som sikrar høg gjennomføring i den vidaregåande opplæringa.

Status 01.11.19

Hordaland fylkeskommune har saman med Bergen kommune delteke i ein studie der ein har følgt i overkant av 2000 ungdommar gjennom 4 år. Både ungdomane og føresette har svart på undersøkingar og fylkeskommunen har levert registerdata i heile perioden. Arbeidet var del av ein internasjonal studie der ein ville samanlikne resultat frå storbyar i ulike delar av verda.

25.11 vart det gjennomført eit dagseminar der NIFU presenterte sine funn for tilsette i opplæringsavdelinga i kommunen og fylkeskommunen, samt skuleleiarar frå både ungdomskule og vidaregåande skule. Det vart understreka at det er behov for å slå hol på myten om at 30% fell frå i vidaregåande opplæring. Det er om lag 11 % som faktisk fell frå og går ut av opplæringa. Dei andre fullfører men får ikkje bestått av ulike årsaker.

Fylkesdirektør opplæring har også sett ned eit delprosjekt som har fått i oppdrag å kome med ei tilråding til korleis ein i Vestland skal sikre at leiatar på alle nivå i opplæringssektoren har tilgang på gode og relevante resultatdata. Ei viktig side ved oppdraget er vise korleis ein skal legge til rette for å utvikle god analysekompetanse og dialog kring data knytt til gjennomføring og fråfall. Prosjektleiar skal levere sluttrapport 31.12.19

**6. Analyserer årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.**

Tiltak og status	Ansvarleg
<p><b>Tiltak:</b> Det vert sett ned ei arbeidsgruppe på tvers av alle seksjonane som vil få i oppdrag å undersøke grunnlag for spørsmålet og vurdere eventuelle årsaker.</p> <p><b>Tiltaket vert lukka 04.11.20</b> Som vist til i punkt 3 er det gjort store organisatoriske endringar i nytt fylke gjennom å opprette rettleiingsteneste som er «tett på» lærlingar/lærekandidatar og opplæringskontor/ enkeltståande lærebedrifter. Gjennom dialog med lærling/lærekandidat og opplæringskontor/enkeltståande lærebedrifter etablerer rettleiingstenestene eigna tiltak.</p> <p>Status per 24.04.20: Rettleiingstenesta vil samarbeide med skular, arbeidsliv, offentlege instansar, opplæringskontor og lærebedrifter. Eit av arbeidsområda er oppfølging av lærlingar og lærekandidatar. Gjennom dette arbeidet vil rettleiingstenesta få betre kjennskap til lærlingar og lærekandidatar sine behov og kan få eit betre grunnlag for å målrette bruk av midlar til tilrettelegging.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
<p>Status per 01.11.19: Ikke gjennomført Fylkesrådmannen tilrår at dette tiltaket vert utsett og at problemstillinga vert følgjt opp i ny organisasjon.</p>	

**7. Arbeider for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebedrifter som er medlem av opplæringskontor.**

Tiltak og status	Ansvarleg
<p>Det er starta opp eit arbeid med gjennomgang av internkontrollsysteem, mottak av lærlingar, arbeidsavtaler, arbeidsmiljø m.m.. Det skal etter planen leverast ei politisk sak i april 2019.</p> <p><b>Tiltaket vert lukka 04.11.20</b> I punkt 3 blei kvalitetsdialogen mellom fylkesdirektøren og opplæringskontor/ enkeltståande lærebedrifter omtala. Det er også ei oppfølging gjennom ei årleg nasjonal rapportering.</p> <p><b>Bedriftsbesøk:</b> For bedrifter som er medlem av eit opplæringskontor er det laga ei rettleiing om bedriftsbesøk ein gong gjennom ein læreperiode. For enkeltståande lærebedrifter skal det gjennomførast besøk ein eller to gongar i året.</p> <p>Gjennom utvikling av RLT i nytt fylke med gjennomgang og utarbeiding av nye rutiner blir dette vurdert som tilstrekkeleg ivareteke.</p> <p>Status 24.04.20: Arbeidet med å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora har vore eit sentralt tema i prosess med etablering av nytt kvalitetsoppfølgingssystem. Dette arbeidet er ikkje avslutta og tiltaket vil bli følgjt opp gjennom ny status hausten 2020.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
<p>Status per 01.11.19 Fylkesrådmannen viser til statusrapport frå 12.08 der følgjande oppfølging i Hordaland vart gjort greie for:</p>	

«Politisk sak var til handsaming i Fylkesutvalet 20.6.19 (PS 151/2019). Fagopplæringskontoret har inngått eit samarbeid med foreininga Yrkeslabyrinten, m a for å utarbeide ei felles forståing av internkontrollsysteem og kva ansvar dei ulike partane har i eit lærlingløp.

- Det vart sett ned ei arbeidsgruppe beståande av fem representantar frå Yrkeslabyrinten og tre representantar frå fagopplæringskontoret.
- Hovudtema i dialogen med opplæringskontora har vore internkontrollsysteem, inklusiv ein gjennomgang av kva roller og ansvar dei ulike partane har; altså kva rolle og ansvar fylkeskommunen har, kva opplæringskontora har og kva medlemsbedriftene har.
- Representantane frå Yrkeslabyrinten har utarbeidd eit skjema til bruk for opplæringskontora, som utdjupar og konkretiserer punkta i internkontrollsystemet og når det gjeld rollefordelinga.

Seksjonsleiar»

Gjennom heile samanslåingsprosessen har det vore fokus på korleis ei framtidig organisering skal sikre at alle tenester skal vere mest mogleg koordinert, tilgjengeleg og «tett på eleven/lærlingen». Det har særleg vore fokusert på å undersøke korleis ein i Vestland fylkeskommune kan sjå følgjande tenester i samanheng:

- PPT
- OT
- Oppfølging av lærlingar
- Rettleiing for vaksne som ønskjer vidaregåande opplæring
- Karriererettleiing

Det er vedteke at det frå 01.01.20 skal etablerast seks desentraliserte rettleiingseiningar i det nye fylket.

I samband med etableringa er det er behov for å sjå på ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora på nytt. Dette arbeidet er godt i gang, og vil halde fram våren 2020.

## **8. Vurderer tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit lærlingforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.**

Tiltak og status	Ansvarleg
<p><b>Tiltaket vert lukka 04.11.20</b>  Viser til status for tiltak 3  Under opplæring av faglege leiarar og instruktørar blir det veklagt at det må vere ein tettare tilknyting mellom rettleiingstenesta og faglege leiarar og instruktørar.</p> <p>Status per 1.11.19:  Sjå status punkt 3. Oppfølging av punkt 3 og 8 må sjåast i samanheng.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
<p><b>Tiltak:</b>  Det er sett i verk ei utgreiing med mål om å gjennomføre eit pilotforsøk med varslingssystem for lærlingar som opplever mobbing/dårleg arbeidsmiljø, og system for oppfølging av varsel frå fylkeskommunen si side. Det er eit samarbeid mellom opplæringsavdelinga, HR og elev- og lærlingombodet.</p> <p><b>Tiltaket vert lukka 04.11.20</b>  Det er ikkje lagt planer om å følgje opp dette i nytt fylke. RLT skal vere tett på lærebodrift og lærling.</p> <p>Status 24.04.20:  Ordninga er så langt ikkje blitt vurdering i Vestland fylkeskommune.</p> <p>Status 01.11.19: Ikke gjennomført.  Ei slik ordning vil bli vurdert på nytt i Vestland.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

**9. Sikrar at OT, og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt**

Tiltak og status	Ansvarleg
<p><b>Tiltaket vert lukka 04.11.20</b>  Rettleiingstenesta er ansvarleg for saker der det er risiko for heving av lærekontrakt. Dette er omtala i punkt 3. RLT skal arbeide «tett på» sitt geografiske ansvarsområde gjennom si breie tverrfaglege kompetanse innan både fagopplæring, OT og PPT.</p> <p>Status per 24.04.20:</p> <p>Samlokalisering av ulike tenester knytt til rettleiingseiningane skal sikre betre koordinering og tidleg identifisering og oppfølging av lærlingar som opplever utfordringar.</p> <p>Status per 01.11.19:  Dette tiltaket skal følgast opp gjennom arbeid med planar for kvalitetssystem og ny organisering i Vestland fylkeskommune. Det gjeld særleg:</p> <p>Delprosjekt 1.2 Heilskap og kvalitet i opplæringa</p> <p>Delprosjekt 1.1 Rettleiingstenester. Dei framtidige rettleiingseiningane skal sikre ei samordna oppfølging av lærlingar.</p> <p>Dette tiltaket har høg merksemd i arbeidet med å etablere dei nye rettleiingstenestene. I framtida vil OT og PPT vere ein del av rettleiingstenestene. For at ein skal lukkast er det avgjerande å etablere ein tydeleg og god rolle/arbeidsfordeling mellom bedrifter/opplæringskontor og rettleiingstenestene, opplæringsavdelinga og skulane. Det er framleis mykje som må på plass, og det er realistisk å anslå at store delar av 2020 vil gå med til arbeidet.</p>	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

**10. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.19 som viser kva tiltak som skal setjast i verk og kven som vil ha ansvar for iverksetjinga**

Tiltak og status	Ansvarleg
<p><b>Tiltak:</b>  Første handlingsplan utarbeidd pr.01.03.19</p>	Fylkesdirektør opplæring
<b>Tiltaket er lukka</b>	

**11. Alle tiltak som vert sett i verk for førebyggje og redusere fråfall bør evaluerast**

Tiltak og status	Ansvarleg
<p><b>Tiltaket vart lukka 1.11.19</b></p> <p>Status 01.11.19:  Gjennomført:</p>	Seksjonsleiar skule

Hordaland fylkeskommune har hatt eksterne aktørar inn for å evaluere alle dei største og mest kostnadskrevjande tiltaka knyt til auka gjennomføring. Det gjeld prosjekta/tiltaka:

Complete: Utprøving med Drømmeskolen og nærværsteam m/ Sluttrapport 2019

Auka gjennomføring. Fleire ut i lære m/ Sluttrapport 2019  
Kombinasjonsklasse – Fyllingsdalen vgs m/ Sluttrapport 2018

Gjennom system for verksemdbasert vurdering vert skulane årleg bedt om å vurdere større utviklingstiltak gjennom tilstandsrapport for skulane.

## Tilleggsinformasjon til handlingsplanen:

### Punkt 2:

#### 2 a) Utval av innhold i skulen sin tilstandsrapport:

##### Utval av innhold i skulen sin tilstandsrapport:

###### 1. Statistikk og resultat

- Tal elevar og karakterpoengsum fra grunnskulen
  - Tal elevar ved skulen, historikk
  - Karakterpoengsum fra grunnskolen, historikk
- Resultat termin 1
  - Fordeling av bestått termin 1, prosent/tal
- Resultat skuleåret 2018/19
  - Fordeling av fullført og bestått skuleåret 2018/19, prosent/tal
  - Fullført og bestått, historikk, gjennomsnitt
  - Sluttarar, historikk, prosent/tal
  - Slutta, årsak, prosent/tal
  - Fråvær, gjennomsnitt dagar og timer, totalfråvær i prosent
  - Totalfravær, historikk, prosent
  - Overgang fra Vg2 yrkesfaglig utdanningsprogram, prosent/tal
- Skulen si vurdering av resultat for 2018/19
  - Vurdering resultat (fullført og bestått, fråvær, sluttarar, overgang vg2 yrkesfag
  - Vurdering tiltak for å auke elevane si fullføring når det gjeld tidelege tiltak, tiltak gjennom skuleåret, særlege tiltak etter T1
- Elevundersøkinga – resultat 2018/19
  - Oversikt over resultat i elevundersøkinga, gjennomsnitt
  - Trivsel, historikk, gjennomsnitt
  - Vurdering for læring, historikk, gjennomsnitt
  - Elevdemokrati og medvirkning, historikk, gjennomsnitt
  - Relevant opplæring, historikk, gjennomsnitt
  - Mobbing på skulen, historikk, prosent/tal
  - Mobbing på skulen, prosent/tal
- Skulen si vurdering av utvalde områder i elevundersøkinga 2018/19  
Vurdering av resultat i EU som omhandlar elevane sitt skolemiljø (jmfr opplæringslova §9A):
  - Vurdering av resultat i lys av § 9A - Elevane sitt skolemiljø
  - Vurdering av korleis skulen følgjer opp aktivitetsplikta si i høve til § 9A (ved m.a. mobbing), ved å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.
  - Vurdering av skulen sitt arbeid med å sikre elevdemokrati og elevmedverknad.
  - Andre kommentarar/tiltak/funn

###### 2. Evaluering av skulen sine prioriterte utviklingstiltak

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunngitt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

- For kvart av dei utvalde tiltaka:
  - Grunngjeving av tiltak
  - Vurdering av skulen sitt arbeid med tiltaka i lys av styringsdokumentet si plattform for pedagogisk utviklingsarbeid
  - Vurdering av kva endringar tiltaket har ført til og om tiltaket skal halde fram eller er avslutta/implementert

## 2b) Møtedeltakarar og program for skulebesøk

### Møtedeltakarar:

#### Møtetid:

Del 1: Kl. 09.30-11.30  
Pause: Kl. 11.30-12.15  
Del 2: Kl. 12.15-13.45

Møtedeltakarar		Del 1:	Del 2:
		Kl. 09.30-11.30	Kl. 12.15-13.45
Møteleiar		<ul style="list-style-type: none"><li>- Skulen si leiargruppe</li><li>- Representant frå elevtenesta</li><li>- 1-2 tillitsvalde</li><li>- 2 elevrådsrepresentantar</li><li>- Regionleiar</li><li>- Rådgjevar frå seksjon skule</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Leiargruppa</li><li>- Regionleiar</li><li>- Rådgjevar frå seksjon skule</li></ul>
Møtetid		Dei som deltek skal vere til stades under heile møtet.	
Referent		Dersom regionleiar eller rektor ynskjer å ha med fleire deltakarar, må desse ha ein funksjon i møtet.	
Godkjenning av referat		Regionleiar	Regionleiar
		2 timer	Inntil 1,5 time
		Representant frå skulen	Rådgjevar frå seksjon skule
		Rektor og regionleiar	Rektor og regionleiar

## Program skulebesøk

### DEL 1

TID	INNHOLD
15 min.	A. Velkommen <ul style="list-style-type: none"><li>• Velkommen og presentasjon av deltakarane v/rektor</li><li>• Kort innleiing v/regionleiar</li><li>• Gjennomgang av dagsordenen v/representant frå seksjon skule</li></ul>
90 min.	B. Tilstandsvurdering <ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis vurderer skulen sine resultat så langt i år? Innleiing v/skulen</li><li>• Felles drøfting av resultat</li><li>• Vidare prosessar fram mot tilstandsrapporten 2018/19</li></ul> C. Utviklingsarbeid <ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis svarar utviklingsplanen på skulen sine utfordringar?</li></ul>
15 min.	D. Oppsummering

### DEL 2

TID	INNHOLD
1,5 time	E. Oppfølging av del 1 av skulebesøket i lys av skulen sine resultat  F. Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av «Plattform for pedagogisk utviklingsarbeid»  G. Drøfte val av strategiar og prosessar med heile leiargruppa  H. Prosess vidare og punkt til oppfølging i samtalen mellom rektor og regionleiar

## 2 c) Referatmal skulebesøk del 1 og del 2



### Rapport frå skulebesøk (del 1)

Emne:	Møtedato:	
Til stades:		
Forfall:		
Møtetid:		Møtestad:

Møteleiar:

Referent:

#### Mål med skulebesøket:

Skulebesøka skal fungere som ein del av styringsdialogen mellom fylkesdirektør opplæring og skulane. Regionleiarane har ansvar for skulebesøka i sine regionar, og opptrer på vegne av fylkesdirektør opplæring.

Målsetjinga med skulebesøka er:

- å styrke kvaliteten på opplæringa i dei vidaregåande skulane ved å etablere tettare dialog og samarbeid mellom skuleigar og den einskilde skule
- støtte skulane i deira utviklings- og vurderingsarbeid
- gi fylkeskommunen betre kunnskap om kvaliteten på opplæringa i dei vidaregåande skulane

(System for verksemdbasert vurdering s. 8)

#### 1. Tilstandsvurdering

- Hovudfunn i skulen sine resultat så langt i år
- Felles drøfting av resultat
- Vidare prosessar fram mot tilstandsrapporten 2018/19

Positive resultat som blei trekt fram og hovudtrekk i drøftinga:

- ...

Forbetningsområde som blei trekte fram og hovudtrekk i drøftinga:

- ...

Aktuelle tiltak fram mot tilstandsrapporten 2018/19

- ...

#### 2. Utviklingsarbeid

Korleis svarar utviklingsplanen på skulen sine utfordringar?

Områder som blei trekt fram:

- ...

Kva bør skulen ta med seg vidare i utforming av ny utviklingsplan?

- ...

#### 3. Oppsummering

Oppsummering av møtet:

|Godkjent av:

Rektor:

Regionleiar:

## Rapport frå skulebesøk (del 2)

Møtedato:

Emne:		
Til stades:		
Forfall:		
Møtetid:	Møtestad:	

Møteleiar:

Referent:

B. Oppfølging av del 1 i lys av skulen sine resultat

C. Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av pedagogisk plattform

D. Drøfte val av strategiar og prosessar

E. Prosess vidare og punkt til oppfølging i samtalen mellom rektor og regionleiar

Godkjent av:

Rektor:

Regionleiar:

## Tilleggsinformasjon til punkt 3:

### Invitasjon til kvalitetsdialogmøte for opplæringskontora Vestland

Kvalitet i opplæringa og kvalitetssikring av heile opplæringsløpet er svært viktig. Opplæringskontora har ei plikt til å rapportere til fylkeskommunen ein gong i året. Rapporteringsplikta følger av opplæringslova § 4-7 andre ledd og er utdjupa i forskrifta § 11-3. Rapporteringa for 2019 er gjennomført for lærebedrifter til Utdanningsdirektoratet. Undersøkinga omhandlar dei lovpålagde tilhøva knytt til mellom anna arbeids- og lærerMiljø, vurdering og intern kvalitetssikring.

Fylkessdirektøren for opplæring og kompetanse har i samråd med Lillian Vabø Mongstad (opplæringskontora sin representant i Yrkesopplæringsnemnda) valt å starta opp med sju opplæringskontor og dykkar opplæringskontor er eit av desse. Møtegjennomføringa vert digital. Det er ønskje fra fylkessdirektør at styreleiar for opplæringskontoret deltek på møte, vi ber om at invitasjonen vert vidaresendt.

Fylkessdirektøren vil saman med det enkelte opplæringskontor gå gjennom resultat på årleg rapportering, lærling- og lærebedriftsundersøkinga (resultat vil ikkje bli sendt ut då alle har tilgang).

Frå fylkessdirektøren for opplæring og kompetanse vil det i tillegg til områdeleiar og leiar frå rettleiingstenesta vera representant frå seksjon kvalitet i opplæringa.

Vi ser fram til god dialog til det beste for lærling og lærekandidat.

### Agenda

#### Sak 1

Ny fylkeskommune

Korleis fungerer samarbeidet med dei ulike einingane i fylkeskommunen?

Spørsmål til avklaring – (sendt inn seinast tre dagar før dialogmøtet)

#### Sak 2 rådgjevar

Ärlege rapporteringar

- Lærlingundersøkinga §9a
- Lærebedriftsundersøkinga
- Årleg rapportering

Fylkessdirektøren ber om at opplæringskontora i framkant vel ut to-tre punkt frå kvar av undersøkingane som de skal ha ekstra merksemd på kommande år.

Fylkessdirektøren ønskjer å høyra om på kva måte opplæringskontoret sikrar at medlemsbedriftene årleg rapporterer på opplæringa til lærlingar/lærekandidatar.

Kva system opplæringskontoret har for å sikre at undervegsvurdering vert gjennomført i medlemsbedriftene?

#### Sak 3

Gjennomføring

Hevingssaker

Mykje godt bestått/Bestått/ikkje bestått

#### Sak 4

Opplæringskontoret legg fram

Rutinar, retningsliner, vedtekter  
Dokumentasjon på opplæringa og halvtårssamtaler

Fylkeskommunen vil be om å få innsyn i dokumentasjon på halvtårsamtale og intern opplæringsplan for to 1. års lærlingar og to 2.års lærlingar. Fylkeskommunen tek med namn på tilfeldig valde lærlingar i møtet.

**Sak 5**

Intensjonsavtalar og kvalitet  
Rekruttering og kompetansebehov innan fag  
Samarbeid skule – bedrift  
Formidling - status

**Sak 6**

Felles oppsummering  
Ut frå det som har kome fram i møtet kva er det viktig å arbeide videre med?

Med helsing

Hillevi Elizabeth Runshaug  
Områdieleiar